

Fra: stian@lavik.com
Til: [AL-Kommunestyre spørsmål-interpellasjonar](#)
Emne: Grunngeve spørsmål til ordførar i samband med kommunestyremøte 23.02.2023
Dato: søndag 19. februar 2023 09:20:05
Vedlegg: [image001.png](#)

Hei,

Her kjem eit grunngeve spørsmål til ordførar, i samband med kommunestyremøtet 23.02.2023:

I sak 047/22 gjorde kommunestyret eit vedtak med ein fordelingsmodell for å dela ut kompensasjonsmidlar frå staten til verksemder som kunne visa til tap som følge av koronarestriksjonar. Saka var basert på sak 015/22 og utgreiing i Utval frå næringsutvikling og drift.

Dette var 6. og 7. runde med tildeling frå staten, som vi i Alver kommune valde å slå saman til ei tildeling. I ettertid kan ein spørja seg om handsaminga av saka gav det resultatet ein ønskte. Tilskotsbrevet frå departementet i runde 7 hadde ein annan ordlyd enn tilskotsbrevet i runde 6, og såleis kan ein undrast på om ein klara å fanga opp det som var målet med kompensasjonsmidlane (særleg for runde 7) godt nok. I brevet for runde 7 heiter det:

"Midlene er fordelt til kommuner med utgangspunkt i antall ansatte innen servering, overnatting, sport og fritid, reisebyråer og -arrangører, kunst og underholdning og kongress-, messe- og utstillingsvirksomhet."

og vidare:

"Bransjene som ligger til grunn i fordelingsmodellene fra departementet, bør tilgodeses så langt det er behov. Kommunene bes særlig om vurdere kompensasjonsbehovet i virksomheter som har falt helt eller delvis utenfor de generelle kompensasjonsordningene, som bl.a. nystartede bedrifter. Utover det, kan kommunene innrette sine lokale ordninger etter den lokale situasjonen."

Det står også i brevet at "Departementet forventer at kommunene tildeler midlene til bedriftene raskest mulig for å bedre situasjonen for bedrifter og deres ansatte." Det kan såleis verka som det kan vera noko rom for tolking av tildelingskriteriene frå staten si side, samstundes som det ser ut til å vera ein ønska intensjon om å treffa nokre bransjar og verksemder særskilt, samt eit ønske om rask handsaming og utdeling av midlane.

Etter vedtaket er det handsama ei klage frå ein av sækjarane av midlar, og m.a. sakshandsaminga av denne saka har gjort oss ekstra merksame på om vi bør sjå på grunnlaget for vurderingane kring vedtak som vart gjort våren 2022.

Vi har også fått høyra at klagaren har opplevd å møta uheldig kommunikasjon frå kommunen, inkludert sakshandsamingsfeil i ht. Forvaltningslova undervegs i prosessen. Som folkevalde i kommunen ønskjer vi gjerne at vi går dette etter i saumane og ser kva for handtering vi kan få til som ei orsaking/oppreising til evt. dei sækjarane det gjeld.

Slik vi ser det, er det svært viktig at vi som folkevalde og som kommune tar ansvar for å leggja best mogeleg til rette for innbyggjarar og verksemder i kommunen vår, og heilskapen av denne saka ser kanskje ikkje ut til vera heilt der den burde vera. Då bør vi

også ta ansvar og gjera ei vurdering av situasjonen, og evt. sjå på mogelegheiter for å retta opp det vi kan. I og med at det er kommunestyret som gjorde vedtaket med modellen for tildeling av kompensasjonsmidlar i 2022, er det også kommunestyret som ber ansvaret.

Kan ordføraren setja på dagsorden ei sak der vi får høve til ei vurdering av treffsikkerheita av vedtaket som vart gjort i kommunestyret i høve til intensjonen i tilskotsbrevet frå departementet i samband med runde 7 av kompensasjonsmidlar og det er som knytt til vedtaket - gjerne gjennom næringsutvalet og så til kommunestyret?

Helsing

Stian Lavik og Astrid Aarhus Byrknes,
Kristeleg Folkeparti

--

Stian Lavik | Leiar for Utval for næringsutvikling og drift,
medlem i kommunestyret

Telefon: 413 113 00

E-post: stian@lavik.com

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

--

Innholdet i denne e-posten er berre meint for dei som den opprinneleg er adressert til, og kan vera tenkt halden hemmeleg for andre. Om du skulle ha fått denne e-posten ved en feil, ber eg om at du sender han i retur til meg (og fortel meg kvar du har fått han frå), og deretter slettar han frå din e-postkonto/e-postklient. Takk på førehand.